



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 11.01.2016

Vår ref.: 2015/7190

Arkivnr.: 461.3

Hå kommune
Postboks 24
4368 Varhaug

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Søknad frå Rogaland Pelsdyrfôrlag SA om løyve til verksemd etter forureiningslova. Fylkesmannen ber Hå kommune leggje søknaden ut til offentleg innsyn og om å uttale seg i saka.

Fylkesmannen ber kommunen leggje eit eksemplar av søknaden ut til offentleg innsyn. Fylkesmannen vil ein av dei nærmaste dagane leggje ut ei kunngjering i avisene og på <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>. I kunngjeringa står det at søknaden er lagt ut på Rådhuset i Hå kommune, Rådhusgt. 8, 4360 Varhaug.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Fylkesmannen i Rogaland innan 8 veker.

Bakgrunn

Rogaland Pelsdyrfôrlag SA har 26.11.2015 søkt Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova § 11 for produksjon av inntil 40000 tonn pelsdyrfôr ved sitt anlegg i Sirevåg (vedlegg 1).

Verksemda har i ei årrekke drive produksjon av fôr til pelsdyrnæringa ved sitt anlegg på gnr/bnr 95/123 i Sirevåg, Hå kommune, og søkte også i 2003 Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova § 11.

Fylkesmannen vurderte det på det tidspunkt ikkje som naudsynt å krevje særskilt løyve etter forureiningslova i og med verksemda hadde underteikna avtale med Hå kommune om påslepp av prosessavlaupsvatn til offentleg nett.

Rogaland Pelsdyrfôrlag SA er i etterkant vorte omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I (direktiv 96/61/EF, IPPC) pkt. 6.5 «Anlegg for disponering eller gjenvinning av skrotter og animalsk avfall med ein behandlingsskapitet på over 10 tonn per dag», og skal difor i medhald av forskrifta ha eit særskilt løyve etter forureiningslova §§ 11 og 16 sjølv om utsleppet vert ført til offentleg nett.

På denne bakgrunn bad Fylkesmannen i brev av 11.6.2015 verksemda om å sende inn søknad om utsleppsløyve.

Søknaden inneber ikkje vesentlege endringar i høve til dagens drift ved anlegget. Det vil i eit løyve verte sett vilkår i samsvar med krav til verksemda som er omfatta av forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I.

Søknaden inneber ikkje utviding av eksisterande bygningsmasse eller uteareal. Verksemda går føre seg på eit etablert industriområde. Fylkesmannen er dermed ikkje kjend med moglege negative verknader for naturmangfoldet, jf. naturmangfoldlova §§ 8 og 10.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i Jærbladet og Stavanger Aftenblad. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av sækjar. Kunngjeringsteksten følgjer som vedlegg 2.

Utlegging til offentleg innsyn

Vi ber om at søknaden vert lagd ut til offentleg innsyn ved ekspedisjonen på Rådhuset i Hå kommune, Rådhusgt. 8, 4360 Varhaug og på kommunen si eiga nettside. Saka skal liggje ute til offentleg innsyn i fem veker frå no av.

Søknaden vil og verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>

Uttale – kommunal sluttbehandling

Fylkesmannen ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

Fylkesmannen ber også Hå kommune opplyse om det på grunnlag av søknaden er aktuelt for kommunen å endre gjeldande påsleppsavtale mellom kommunen og verksemda. vedlagt søknaden

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sende oss eventuelle merknader til søknaden innan åtte veker etter at de har motteke dette brevet. Dersom kommunen har behov for utvida frist, ber vi om tilbakemelding om når saka vert teken opp til behandling.

Utskrift frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendast Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernshjef

Johan Tore Rødland
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Rogaland Pelsdyrførlag SA – Søknad om løyve etter forureiningslova
2. Kunngjeringstekst.

Kopi til:

IVAR IKS	Postboks 8134	4069	Stavanger
Rogaland Pelsdyrførlag SA	Oddane 2	4364	SIREVÅG